

# Innspel til planprogram for reguleringsplan for Lonena i Knarvik

(Prosjektnummer P14031)

Eg viser til kunngjeringa om framlegg til planprogram for Lonena i Knarvik, og nyttar med dette høve til å koma med innspel/merknad til det vidare arbeidet med planprogrammet. For å sikra eit godt kunnskapsgrunnlag kjem eg med følgjande framlegg på 4 punkt med endringar til sjølve planprogrammet . Desse er:

## 1. Nytt planføremål:

Føremålet med planarbeidet bør endrast frå bustadføremål til å få regulert og sikra mest mogeleg av dette viktigaste fri-/ friluftsområdet i regionsenteret Knarvik. Sikrast som ein aktivtetsarena for å fremje folkehelsa, og for å sikra den framtidige byparken nært opp til den framtidige byen Knarvik.

## 2. Alternativ utgreiing med følgjande innhald:.

Kor stor bør den nye byparken vera for å ivareta området sin funksjon som det viktigaste bilfrie rekreasjonsområdet i dag, og for innbyggjarane i eit meir langsiktig perspektiv. Her må arealbehov med stor folketalsauke i Knarvikområdet drøftast.

## 3. Nye tema i planarbeidet:

3.1 Kartlegging av behovet for å ha fredlege og bilfrie og stille nærområde tett opp til tettstaden Knarvik, og som samstundes har kort avstand frå både barnehage, barneskule, ungdomskule, vidaregåande skule og arenaer for idrett og aktivitet. Temaet kan her spissformulerast: til: Planprogrammet må ta med faglege vurderingar som drøftar om det er viktig for folkehelsa i Knarvik/ Alversundområdet å ta vare på stille og fredlege område der mange folk likar å bevega seg/opphalda seg i, og om Lonena har slike kvaliteter !

3.2 Kartlegging og verdifastsetting av korleis heile planområdet kan nyttast til rekreasjon, leik, og til ulike rekreasjonsaktiviteter for barn og unge, samt folk i alle aldrar.

3.3 Synleggjering av kor viktig dette natur- og friluftslivsområde er for alle som bur og oppheldt seg i Knarvik, konkretisert som nytten for ulike brukargrupper, både for skuleelevar, for barnehagebarn, for eldre og familiar, idrett mfl.

3.4 Kartlegging og verdsetting av reguleringsområdet sin betydning i dag og i framtida som arena for folkehelse, trivsel og arena for mange typar aktivitetar. Lonena-området sin betydning for førebygging av helseplager og for psykisk velvære for innbyggjarmå klarleggjast.

3.5 Fagleg drøfting og versetting av planområdet sine kvalitetar som pedagogisk arena for barn og ungdom, og kva alternative større samanhengande område som kan erstatte dette om Lonena vert bygd ned.

3.6 Juridisk fagleg drøfting om kva erstatningsmessige posisjonar kommunen kjem i om heile området vert regulert til park og/eller til friområde, samt kva reglar som gjeld for tida for statstilskot til innløyising/ kjøp av regulerte lokale og regionale friområde.

4. Endring av framdriftsplanen slik at det kjem klar fram at revisjonen av kommunedelplanen for Knavik og Alversund må godkjennast før områdeplanen for Lonena vert handsama i kommunestyret. Dette for å sikra at det overordna planverket (den nye kommunedelplanen) får fanga opp moderne og framtidsretta føringar gjeve både i den nye folkehelselova og i naturmangfaldslova, som kom lenge etter at gjeldande kommunedelplan vart godkjent.

Stranda, 12.desember 2016

Venleg helsing

Sveinung Toft